

Open anbodskonkurranse Tenestekjøp – Arbeid i landskapsvernomsråde

Forvaltningsknutepunkt Sandane, som står for forvaltning av Naustdal-Gjengedal landskapsvernomsråde og Ålfotbreen landskapsvernomsråde, inviterer til anbodskonkurranse om arbeid i landskapsvernomsråda. Det er snakk om større og mindre oppdrag innan tilrettelegging, skjøtsel, informasjonsarbeid og ymse småoppdrag for forvaltning og naturoppsyn.

1. Oppdragets art og omfang

Tenestekjøpet er fleksibelt, og vil bestå av fleire mindre oppdrag innanfor ei totalramme. Det vil vere oppdrag både i og rundt Naustdal-Gjengedal landskapsvernomsråde, og i og rundt Ålfotbreen landskapsvernomsråde. Oppdraga vil verte bestilt ved behov gjennom perioden.

Oppdrag:	<ol style="list-style-type: none"><u>Tilrettelegging av stiar og ferdselsveggar</u> Utbetring av steinete stiar Legging av trekloppar Bygging av bruer Ymse vedlikehald og reperasjonar på stiar og vegar<u>Skjøtsel</u> Hogst og uttak av gran Rydding av skog og kratt Slått av gammal slåtte- og beitemark<u>Trearbeid/Byggearbeid</u> Bygging, montering og vedlikehald av trekonstruksjonar som kaier, bruer, informasjonstavler, enkle bygningar og andre installasjonar<u>Ymse oppdrag</u> Oppsetting av skilt Ulike små handverkaroppdrag og anna arbeid som måtte dukke opp og som oppdragstakar har kompetanse til å ta på seg
Tid:	15.juni til 15.desember 2013
Kostnadsramme:	Inntil kr 300.000,- eks. mva.

Krav til personell:

Tilbydar må ha god gjennomføringsevne og tilstrekkeleg kapasitet til å gjennomføre oppdraget. Røynsle frå tilsvarande arbeid og gode referansar vert lagt vekt på.

Det er snakk om arbeid i verna natur og det vert lagt vekt på at tilbydar kan arbeide på ein måte som tek omsyn til natur- og miljøverdiar. Røynsle med arbeid i verna natur er ein fordel.

Personellet må ha opplæring og kompetanse til å bruke naudsynt utstyr.

Av tryggleiksmessige omsyn må tilbydar ha minst to arbeidarar tilgjengeleg for gjennomføring av oppdraga.

Tilbydar må setje seg inn i verneforskriftene for Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde og Ålfotbreen landskapsvernområde.

Krav til utstyr:

Tilbydar må disponere bil, traktor og motorsag, og ha kompetanse til å bruke dette. Tilgang til båt, og til diverse anna verktøy, utstyr og maskiner er ein fordel.

Krav til tilbodet:

I tilbodet må det gjerast greie for:

- kompetanse og kvalifikasjonar til personell
- kva utstyr og maskineri som tilbydar har tilgang til
- erfaring med liknande arbeid tidlegare, gjerne med referanse
- timeprisar per:
 - arbeidstime
 - arbeidstime med motorsag
 - arbeidstime med traktor

Reisekostnadar må vere innbakt i timepris.

Skatteattest bør følgje med tilbodet, men kan og ettersendast.

2. Prosedyre

Konkurransen regulerast av lov og forskrift om offentlege anskaffingar. Denne anskaffinga si ramme er under den nasjonale terskelverdi på kr 500 000 ekskl. mva. og er fritatt frå kunngjeringsplikt. Konkurransen gjennomførast etter forskriftas alminnelige bestemmelsar (del I) og tilbudsbestemmelsane som følgjer nedanfor.

3. Kontaktperson hjå oppdragsgjevar

Namn: Alf Erik Røyrvik (verneområdeforvaltar)
e-postadresse: fmsfalr@fylkesmannen.no
tlf: 57643138 / 95889475

4. Gjennomførings- og leveringstid

Oppdraga skal utførast i perioden 15. juni til 15. desember 2013.

5. Kontrakt

Avtaleforhold vil bli regulert av kontraktsvilkår

6. Tilbudsfrist og innlevering

Tilbudet skal leverast til:

Namn: Alf Erik Røyrvik (verneområdeforvaltar)
e-postadresse: fmsfalr@fylkesmannen.no
postadresse: postboks 300, 6821 SANDANE

innan 3.juni 2013 kl 12.00

7. Kvalifikasjonskrav

Kvalifikasjonskrav:

Tilbyder skal ha ordna forhold med omsyn til skatte- og meirverdiavgiftsinnbetaling. (Obligatorisk ved anskaffingar over kr 100 000).

Dokumentasjonskrav:

Skatteattest for meirverdiavgift og skatteattest for skatt, ikkje eldre enn 6 månader rekna frå tilbudsfristen. Skatteattesten bør helst ligge ved tilbudet, men kan og ettersendast til oppdragsgjevar.

HMT-eigenerklæring:

Den tilbydar som får tildelt kontrakt forpliktar seg til å underteikne ei HMT-eigenerklæring seinast ved kontraktsinngåing.

Manglande dokumentasjon av kvalifikasjonskrav kan føre til at tilbudet blir avvist.

8. Tildelingskriterier

Tildeling av kontrakt vil skje på bakgrunn av kva tilbod som er det økonomisk mest fordelaktige. Ved val av det økonomisk mest fordelaktige tilbod vil det bli lagt vekt på følgjande kriterie:

- Pris
- Kompetanse
- Erfaring med arbeid i verna natur
- Tilgang på utstyr og maskiner

I priskriteriet vert det vurdert timepris for personell, timepris for personell med motorsag og timepris for personell med traktor. Driftsmiddel for reiskap og køyretøy skal vere inkludert i timeprisane. Reisekostnadar skal og vere inkludert i timeprisane.

9. Tildeling av kontrakt og begrunning

Tilbydarar som har deltatt i konkurransen vil få ei skriftleg tilbakemelding per e-post om kven oppdragsgivar vil inngå kontrakt med og en kort begrunning for valet.